



Jan Mongstad  
Myrdalskogen 170  
5117 Ulset

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 23/205 - 23/2433

Sakshandsamar:  
Merethe Svarstad  
merethe.svarstad@fedje.kommune.no

Dato:  
09.05.2023

## Byggesak Gnr. 169 Bnr. 102 - søknad om å bygge terrasse- Mangelskriv

Eigedom: Gnr: 169      Bnr: 102

Adresse: Vidnappsvegen 41, 5947

Tiltakshavar: Jan Mongstad

Tiltaket: Tilbygg med veranda med bod under og røykehus.

Me visar til søknad motteke 25.04.2023 . Tiltaket gjeld tilbygg med veranda med bod under og røykehus.

Basert på motteke dokumentasjon er det behov for følgjande tilleggsopplysningar for å behandla søknaden:

Søknaden manglar følgjande opplysningar:

- Det kan sjå ut som tiltaket er i strid med avstandskravet i veglova § 29. Byggegrensa er 15 meter frå midtlinje i kommunal veg. Det må då søkjast om dispensasjon frå denne bestemmelsen i veglova.
- For å kunne vurdera søknaden din treng me ein situasjonsplan som syner plasseringa for det nye tiltaket.
- Me treng òg å vita kor stort areal det totalt vert med det nye tiltaket. Dersom det vert under 50m<sup>2</sup> BRA og BYA kan saka behandlast som eit mindre tiltak utan ansvarsrettar.

Me gjer dykk merksam på at dispensasjonar som hovudregel skal nabovarslast. Dersom det blir unnlate å nabovarsla dispensasjonar må dette grunngjevast og godkjennast av kommunen.

Frist for å senda inn supplerande opplysningar i saka vert satt til **30.05.2023**. Etter denne datoen kan saka avgjerast på bakgrunn av allereie innsendt informasjon i saka, og saka vil då verta avvist eller avslått, og gebyrbelagt. Dersom det er behov for forlenga frist ber me om at dette blir informert om før fristen går ut.

Me gjer dykk merksam på at det seinare i sakshandsaminga kan verta behov for å be om ytterlegare tilleggsopplysningar.

Dersom noko er uklart kan de ta kontakt på telefon: 48173241

Med helsing

Merethe Svarstad

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Jan Mongstad

Myrdalskogen 170 5117

Ulset